

UNIVERSITETET I OSLO

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Heimeeksamen i INF 3290 hausten 2018

(Nynorsk)

Eksamen i: INF3290 Store og komplekse informasjonssystem

Oppgavesettet består av 3 deloppgåver som skal du skal svare på kvar for seg og i den rekkefølga dei er gitt. Du finn ei rettleiande lengd til kvar oppgåve, kor du kan gå 10 % opp eller ned. Prosent-talet viser til kor mykje kvar enkelt oppgåve tel. Du må svare tilfredsstillande på alle oppgåvene for å stå eksamen. Oppgavesettet er på 2 sider. Du skal svare individuelt på oppgåvene. Gjer deg kjend med UiO sitt regelverk for fusk og plagiering:

<http://www.uio.no/studier/eksamen/fusk/>

<http://www.uio.no/om/regelverk/studier/studier-eksamener/fuskesaker/>

Ikkje skriv namn på oppgåva, men bruk kandidatnummer (som du finn i Studweb). Du skal levere inn svaret ditt i Devilry (<https://devilry.ifl.uio.no>) innan **måndag 17. desember 2018 kl. 23:59**.

Oppgave 1: Case (ca. 600 ord) (tel 50 %)

Entur er ei plattform som skal bidra til at det blir lettare å bruke kollektivtrafikk, mellom anna gjennom å gjere tilgjengelig informasjon om rutetider og stoppestader frå alle kollektivselskapa i Noreg, samt å selge billetter. Reisande kan bruke ein app eller eit web-grensesnitt, men Entur-plattformen har òg ein operatørportal kor kollektivtrafikkselskapa kan oppdatere informasjonen sin og ein utviklarportal kor utviklarar kan hente ut data og bruke APIer og SDK. (Sjå lenker til meir utfyllande informasjon nedanfor). Svar på desse spørsmåla, og trekk inn pensumlitteratur der du tykkjer det høver i svaret ditt.

- I dagens løysing finn ein alle rutetider og stoppestader, og kan få forslag til ende-til-ende-reise. Vil du si at dagens løysing byggjer på installert base? Kvifor/kvifor ikkje?
- På sikt skal ein òg kunne kjøpe ein billett til heile reisa, sjølv om den involverar fleire transportmiddel og dermed ulike kollektivtrafikkselskap. Kva kan gjere utvikling og innføring av ei slik løysing kompleks? Korleis tykkjer du Entur bør gå fram?

Oppgave 2: Kultivering av installert base (ca. 350 ord) (tel 25 %)

«Kultivering av installert base» vært gjerne tilrådd i litteraturen om informasjons-infrastrukturer.

- Kvifor vert ein kultiverings-strategi tilrådd? b) Svar på følgjande spørsmål ved å bruke døme henta frå (minst to) pensumartiklar: Kva tyder «kultivering av installert base» i praksis?

Oppgave 3: Endring av informasjonsinfrastruktur (ca. 350 ord) (tel 25 %)

Å endre store og komplekse samlingar av informasjonssystem er krevjande. Vel to av prosjekt-rapportane som finst på emnesida. Du kan (men treng ikkje) velje ditt eige prosjekt. Samanlikn dei to prosjekta med fokus på endringsprosessen.

Her er nokre kjelder til meir utfyllande informasjon om Entur-plattformar:

Enturs egne nettsider: www.entur.org

Årsrapport 2017: <https://www.entur.org/wp-content/uploads/2018/06/C3%85rsrapport2017.pdf>

Nyhetsaker og presentasjonar:

<https://www.banenor.no/Nyheter/Nyhetsarkiv/2018/en-app-for-all-kollektivtrafikk-i-norge/>

https://www.vegvesen.no/attachment/2487172/binary/1294914?fast_title=Digital+infrastruktur+for+mobilitet.pdf

<https://www.ntbinfo.no/pressemelding/ny-app-gjor-det-enklere-a-reise-kollektivt?publisherId=15567118&releaseId=16639670>

Offentlige dokument:

Lansering av selskapet (under navnet Reiseplan og Billett AS):

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/jernbanereformen-tre-nye-selskaper-er-stiftet/id2510149/>

Bakgrunnsinformasjon om nasjonale rutedata:

<https://rutebanken.atlassian.net/wiki/spaces/PUBLIC/pages/13729884/H+ndbok+N801>